



Mottatt 23 NOV. 1989

2691

Kopi: Oi, JH, RV, SA
OÅ

FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

5840 HERMANNSVERK
TELEFON (056) 55 000 - TELEFAX (056) 55 055 - TELEX 42 156

Fjord Base AS
postboks 323,

6901 FLORØ

Sakshandsamar:
Sven Erik Vestby
Tlf.: 056 55153

DYKKAR REF.

VÅR REF.

7338/89/731.23/SEV

DATO

22.11.1989

ENDRING AV UTSLEPPSLØYVE - BOTNANESET INDUSTRIOMRÅDE/FJORD BASE AS

Vi viser til oversending hit dagsett 9.11.1989 og seinare sendingar med tilleggsopplysningar. Fjord Base AS søker her om endring av utsleppsløyvet slik at avlauvet frå nytt kontor/lagerbygg kan førast om ny slamavskiljar til djupt vatn gjennom eigen utsleppsleidning. Hovudgrunnen for den omsøkte endringa i løyvet, er kostnadsskilnaden mellom ei løysing for å kople avlaupet inn på eksisterande nett og det å etablere eit nytt utslepp. Det er ikkje søkt om endring av storleiken på det samla utsleppet.

Den omsøkte endringa er førelagt Flora kommune v/tekn. etat. Frå kommunen si side vert det vist til at etablering av eit nytt utslepp er uheldig når målsetjinga elles er å samle desse. Fylkesmannen er samd med kommunen i dette. Det framlagde kostnadsoverslaget viser likevel eit skilnad på nær 0,9 mill. kroner mellom dei to alternativa. Med bakgrunn i at resipienttilhøva i det nye utsleppsområdet truleg er minst like gode som ved den eksisterande utsleppsstaden, finn vi å kunne gå inn for den omsøkte endringa. Det vert kravt slamavskiljar klasse A. Dette er same minimumsreinsekrav som Flora kommune får for andre utslepp.

Med heimel i ureiningslova frå 13. mars 1981 nr. 6, §§ 11, 16, 18 og 22, jfr. rundskriv T-4/85 frå Miljøverndepartementet, gjev fylkesmannen i Sogn og Fjordane Fjord Base AS løyve til å etablere eit nytt utslepp av avlaupsvatn frå baseområdet.

Tilleggsvilkår til utsleppsløyve frå 15.12.1982:

Avlaupsvatnet skal før det vert sleppt ut på kote -20, passere ein slamavskiljar bygd og dimensjonert etter SFT sine "Retningsliner for større slamavskiljarar" klasse A, (minimum 18 timars opphaldstid).

Dersom det ved seinare høve vert aktuelt å krevje dei to utsleppa frå området samla til eit eller ført til større kommunale utslepp, skal ikkje dei nye vilkåra i løyvet vera til hinder for dette. Verksemda er gjort merksam på dette tilhøvet og må vere budd på å ta kostnaden med ei slik samling.

Fylkesmannen har vurdert endringa i utsleppsløyvet som så lite, at det ikkje har vore kravt offentleg innsyn til søknaden, jfr. § 7 i føresegner om sakshandsaming etter ureiningslova. Før løyvet kan gjerast gjeldande, må Fjord Base AS likevel kunngjere endringa i minst to aviser som er vanleg lesne i området. Av lysningsteksten skal det gå fram at løyve til endra utsleppstrasé er gjeve, kvar interesserte kan få innsyn i saksdokumenta, og at eventuelle klager skal sendast fylkesmannen.

Avgjerda kan påklagast. Klagen skal stilast til Miljøvern-departementet, grungjevast og sendast om fylkesmannen seinast tre veker etter at løyvet er kunngjort i avisene.


Ingvald Ulveseth


Bjarne Nes

Kopi: Flora kommune, tekn. etat, 6900 Florø

FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

5840 HERMANSVERK

TELEFON (056) 53 522 - TELEX 42 156

21 DES. 1982

542 Botnaneset, Flora
B-1

Flora kommune

6900 FLORØ

4970

Sakshandsamar:

Sven Erik Vestby

DYKKAR REF.

VÅR REF.

DATO

4983/82/733.21/SEV/rs

15.12.82

FLORA KOMMUNE - KLOAKKUTSLEPP FRÅ BOTNANESET INDUSTRIOMRÅDE

Vi viser til søknad av 25.1.1982, til Flora kommune sin ekspedisjon av denne dagsett 22.10.1982 og til brev frå ingeniør Arne Bjørkaas dagsett 3.12.1982.

I medhald av "Lov om vern mot vannforurensing" av 26.juni 1970, § 10, gjev ein Flora kommune løyve til kloakkutslepp frå Botnaneset industriområde for inntil 180 p.e.

Løyvet kjem i staðen for tidlegare løyve dagsett 16.11.1982.

Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

1) Utbygginga skal skje slik:

- a) Kloakken skal samlast og leiast til utslepp på minst 20 meters djupne i samsvar med planane.
- b) Avløpsvatnet skal før det vert slept ut i sjøen passere ein slamutskiljar.

2) Slamutskiljaren skal stette følgjande krav:

- a) Han skal utformast og dimensjonerast etter SFT sine "Retningslinjer for større slamavskillere".

Dimensjonerande slammengde vert sett til minimum 125 l/p (-----de til 2 tømningar pr. år).

onerande teoretiske opphaldstid for vatnet vert minimum 9 timar (slamutskiljar klasse B).

byggast overløp framfor slamutskiljaren. Overal ta til å fungere ved overskriding av anlegget sitet. Ved tømning av slamutskiljaren skal alt tnet kunne leiast forbi slamutskiljaren.

frå Lil/Hopland

FLORA KOMMUNE 27/12-82

rådmann

Overløpet skal vere lett tilgjengeleg for inspeksjon og vedlikehald.

- 3) Drift og tilsyn av slamutskiljaren skal utførast som det går fram av kap.7 i SFT sine "Retningslinjer for større slamavskillere".
- 4) Nedstrøms slamutskiljaren skal det byggast inspeksjonskum slik at det kan takast ut vassprøver og utførast enkle vassføringsmålingar.
- 5) Slamutskiljaren skal tømmast minst 2 gonger pr. år. Tømming skal skje oftare dersom slamlaget når høgare enn 10 cm under avløpsrøyret/spalten frå 1.kammer.

Tømming, handsaming og lagring av slam skal gå føre seg slik at vassførekomstar (grunnvatn, vassdrag og sjø) ikkje vert ureina. Det lokale helserådet skal til kvar til vere kjend med tømme-staden.

- 6) Feitthalding avløpsvatn frå serveringsstad, større kjøken o.l.skil før det blir leia til slamutskiljar, passere ein feittutskiljar som skal skummast av tilstrekkeleg ofte.
- 7) Alle nye leidningar skal leggest etter separatsystemet. Drens- og takvatn skal ikkje førast til slamutskiljar.

*NB!
se kart*

Leidningar som fører ureina vatn skal utførast av støypejarn, stål, plast, asbestsement eller betong. Ved bruk av betongrør skal produsenten vere godkjend av Kontrollrådet for Betongprodukter minst i klasse C, varegruppe 2 og/eller 6, og det skal brukast T-merka rør etter NS 3027, NS 3028 eller betre kvalitet. Tetningsringar for betongrør skal vere godkjende av Kontrollrådet og leverast saman med røyra av røyrprodusenten.

Ved val av røyrmateriale skal det spesielt takast omsyn til faren for korrosjon p.g.a. aggressiv grunn og aggressivt avløpsvatn.

Alle leidningar skal trykkprøvast i samsvar med NS 3550, event. 3551. Tettleiken skal stette krava til NS 3420.

- 8) Avløpsleidningane skal ligge frostfritt.
- 9) Utsleppsleidningen må forankrast på ein slik måte at den ikkje flyt opp eller endrar leie. Dersom det på grunn av sedimentert avfall frå utsleppsleidningen skulle vise seg naudsynt med mudring, må dette kostast av eigaren.
- 10) Traséval for og merking av utsleppsleidningen skal skje i samråd med Kystdirektoratet.

11) Eigaren er ansvarleg for vedlikehald av anlegget og at det blir drive etter føresegnene slik at det til kvar tid svarar til føremålet.

12) Dersom fylkesmannen finn det naudsynt, skal eigaren gjennomføre vidare reinsing av avløpsvatnet eller andre tiltak, alt etter nærare avgjerd. Utgiftene til turvande undersøkingar i denne samanheng skal dekkast av eigaren.

Ved vurdering av om slike tiltak vil bli kravd, vil det også bli teke omsyn til eventuell ny ureining av resipienter frå andre ureiningskjelder.

Ureiningsstyresmaktene kan fastsetje nærare reglar for tvangsmulkt for brot på vilkåra for utsleppsløyve.

GRUNNGJEVING:

Resipienttilhøva i området må reknast som gode. Det er ikkje kome merknader mot å gje utsleppsløyve.

Sjølv om løyve er gjeve, pliktar den som ureinar å svare skadebot som måtte følgje av vanlege skadebotsreglar, jfr. § 11 siste ledd i "Lov om vern mot vannforurensing".

For oppseiingstid og mogeleg endring av vilkår syner ein til § 10 nest siste ledd og til § 12.

Partane i saka kan klage til Miljøverndepartementet over avgjerda innan 3 veker frå melding om avgjerda er motteken, jfr. forvaltningslova § 28 f.f.

Klage skal ein grunngje og sende fylkesmannen, miljøvern-avdelinga.

Kopi av dette brevet er sendt til alle som er part i saka.


Ingvald Ulveseth


Anders Anderssen